

# 8.000 billetter er selde!

Stein Erik Ovesen

**No er me økonomisk i mål! Det var ein strålende glad styreleiar i Bømlø Musikal Laug og produksjonsleiar for oppsettinga av «Les Misérables» i Moster Amfi, Kjell Arne Røksund, som møtte BØMLO-nytt måndag ettermiddag. Dette etter at det var klart at ein alt har seld ein god del fleire billetter enn det som trengs for å unngå underskot.**

Det er klart at storsatsinga med oppsetting av musikalen «Les Misérables» i Moster Amfi kostar mykje - både av arbeid og pengar. Normalt er prislappen på ei slik oppsetting fort ti –femten millionar kroner. Men det ville ikkje vore mogeleg å henta inn her på Bømlø, og med ein enorm dugnadsinnsats har ein klart å få til eit budsjett på rundt 2,5 millionar kroner. Også dette krev svært mange selde billetter, noko som sjølv sagt har representert ei spaning for eldsjelane i Bømlø Musikal Laug.

## Har passert «break even»

Med sponsorar og andre inntekter, låg «break even» for oppsettinga på rundt 7.000 selde billetter: Dette talet passerte me sist laurdag, og me kunne letta konstatera at også det økonomiske var i mål. Tysdag ettermiddag hadde Billettservice passert 7.900 selde og reserverte billetter. Og det vil nok seia at i dag har me utan tvil passert 8.000. Då er det berre rundt 1.600 billetter att, slår Kjell Arne Røksund fast. Han legg til at framsyningane begge fredagane og begge laurdagane er utselde, og i går ettermiddag var det berre sju billetter att til framsyninga komande søndag kveld. Så det vil i praksis seia at det no berre er billetter att til framsyningane tysdag, onsdag og torsdag i neste veke!

## Kan ikkje venta med billett kjøpet

- Eg har inntrykk av at det er mange bømlingar som er av den meining at dei vil sjå veret litt an og så ta turen til Moster for å kjøpa billetter ved inngongen. Då er faren stor for at dei kan lura seg sjølv, og risikera å ikkje få sjå «Les Miserables» i det heile. Slik billett salet har vore til no, er det eigentleg ufatteleg. Til siste oppsetting av «Jesus Christ Superstar» selde me tusen billetter på førehand og tre tusen ved inngongen. Og no har me altså seld åtte tusen billetter fleire dagar før premieren, seier ein glad og letta Kjell Arne Røksund. Han er også særst godt nøgd med vermeldingane som verserer for tida, og det veret som ein har no under dei siste dagars hektiske innspurt. Om vermeldingane slår til, vert det kjempeflott å vera både publikum og aktørar i Moster Amfi i den komande halvanna veka.

## Store opplevingar ventar

Også reint opplevingsmessig kjem det til å verta kjempeflott å vera publikum under «Les Miserables»! BØMLO-nytt har «lurt seg inn» ved ein del høve den seinaste tida og har følgd litt av dei omfattande øvingane. Rett nok førebels berre i dagslys, og det vert utan tvil ei enda større oppleving i nattemørkret og med lyskastarar som er med på å danna ramma omkring det heile. Det ligg an til store og flotte scenar med masse aktørar framme på scena, det er scenar med berre få personar som syng -og songen er i seg sjølv ei oppleving, med mange enormt dyktige songarar.

## Orkesteret også på plass

Torsdag i forrige veke kom medlemmane i orkesteret saman for første gong, og fram til mandag hadde dei sine eigne øvingar i Amfisalen. Frå måndag av var dei på plass i «orkestergrava» inne på scena i Amfiet, med stort sceneteppa framfor seg. Og under leiing av Hans Gunnar Skreslett har dei etter den tid vore med på mesteparten av ensemblet sine øvingar. I går kveld var det første fulle gjennomkøyring utan stopp, og med fulle kostymer, sminke, lyd og lys - nett slik som det skal verta under dei åtte framsyningane. Også i kveld vert det slik gjennomkøyring, før det vert generalprøve torsdag kveld og stor premiere fredag kveld.

## Ein ekstra «eksamen»

Oppsettinga av «Les Miserables» i Moster Amfi er den første utandørs framsyninga i verda av denne musikalen, og også den første oppsettinga som eit amatørteater har fått lov til å gjera. Bømlø Musikal Laug har hatt nær kontakt med rettighetshavarane i London heile vegen, frå dei for to år sidan søkte om å få framføra musikalen og undervegs i planleggingsprosessen. Og det vert saleis ein slags ekstra «eksamen» når det under premieren fredag kveld er til stades representantar for rettighetshavarane. Men slik det ligg an, vil nok også denne delen av «eksamenen» verta bestått med glans!